

AVTREKKSVARMEPUMPE

Gratulerer
med di nye
avtrekksvarmepumpe!


**DET ER VIKTIG MED GODT VEDLIKEHALD
AV PUMPA, HER ER NOKONTIPS:**

1

VENTILAR I HUSET SKAL REINGJERAST REGELMESSIG

med f.eks. ein liten kost eller ei fille for å oppretthalde korrekt ventilasjon. Det er viktig at innstillingar av ventilane ikkje vert endra. Kontroller også at inntaksgitter til utelufta på husfasaden vert reingjort ved behov.

OBS! Ikkje forveksl ventilane dersom fleire vert tekne ned samtidig for reingjering



2

SVERTING RUNDT TILLUFTSVENTILAR

Oppvirvling av naturleg støv er vanleg i alle bustader. I gamle hus samlar støv seg i krikar og kroker. I nye hus med betre ventilasjonskontroll, vert partiklane virvla opp i lufta og transportert mot avtrekkspunkt i rom med undertrykk. I rom med tilførsel vil det samla seg rundt ventilane. Tilsnussing av området rundt ventilane skyldast ikkje ureinheit i frisklufta frå ventilasjonsaggregatet, men partiklar som allereie fins i romlufta.

3

SKIFT LUFTFILTER REGELMESSIG

Kor ofte er blant anna avhengig av mengd med støv i ventilasjonslufta. Me anbefalar 3-4 gonger i året.

OBS! Det er viktig at pumpa vert slått av før filteret vert skifta.

Sjølv om filteret ser reint ut, vert det samla smuss i det, og dette påverkar filteret sin effektivitet. Nytt filter kan bestillast hjå TECNO VENTILASJON AS



STATUSLAMPE

- Lyser **grønt** ved normal funksjon
- Lyser **gult** ved aktivert reservestilling
- Lyser **raudt** ved utløyst alarm

4

SJEKK TRYKKET PÅ ANLEGGET


Ved reingjering/filterskift av anlegg sjekk at trykket ligg over 1 bar (Dette kan du lese av på manometeret) Ved evt. avvik ta kontakt med TECNO VENTILASJON AS



Manometer
Trykk over 1 bar

**ME TILBYR SERVICEAVTALAR OG FILTERABBONEMENT,
MEIR INFO OM DETTE FINN DE PÅ VÅRE NETTSIDER: WWW.TECNO.NO**

Har du spørsmål eller ynskjer assistanse, ikkje nøl med å ta kontakt. TECNO VENTILASJON AS har avdeling i Kvam og på Voss.

TECNO VENTILASJON AS
Gamle Dalavegen 84, 5600 Norheimsund /
Brynaskogen 25, 5705 Voss
Tlf. 56 55 61 90
E-post: ventilasjon@tecno.no
www.tecno.no
 [tecnoventilasjon](https://www.facebook.com/tecnoventilasjon)


TECNO
Ventilasjon